

Haustmøtet Alpint 2017

Sak 3

Per Asbjørn informerte om endringar i klasseinndeling på Hovudlandsrenn og Telenor Landsfinale. Det blir under desse arrangementa reine årsklassar, mens det på krinsnivå blir U14 og U16 som før.

Atle Hamar er vald til leiar i valnemnda i NSF alpikomiteen.

NSF Alpikomiteen jobbar med ein modell for å få yrkesfag inn i den vidaregåande utdanninga, fortrinnsvis på Voss og NTG Geilo.

Sak 4

Evaluering Fjord1 samlingar

Det har vore 10 Fjord1 samlingar til no, både barmark og ski. Deltakinga på barmarksamlingane har vore bra. Litt meir variert deltaking på skisamlingane, dei har stort sett vore gjennomført under gode forhold.

Anders Neteland informerte om opplegget for sesongen 2017/ 2018. Han gjorde greie for eit nytt treningsopplegg, der hensikta er å;

- redusere kostnadane generelt
- sterkare lokal tilknyting
- betre tilbod i høve breidde og satsing

Meir langsiktige mål er at fleire aktive tek steget vidare til skigymnas, og at ein får utbytte og glede av åra som alpinist etter avslutta karriere.

Ein kan nå desse måla ved å;

- skape større kontinuitet for kvar løpar
- større miljø
- heve kompetansen til løpar, trenar og forelder
- byggje sunn idrettskultur
- sterkare lokal tilknyting, rekruttering



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS
.....

I høve struktur og ansvarsområde vil Anders N vere hovudtrenar, og ha den sportslege planlegginga og koordineringa. Han vil bl.a. ha med seg Mats Engeland og Even Hole.

Målet er at arbeidsfordelinga mellom krins og klubb blir følgande;

Krinsen tilrettelegg for U12-U16;

- samlingar og renn
- ca 1 kveldstrening i veka på ski
- oppfølging av løpar/ forelder

Alpinklubben har ansvar for;

- kveldstreningar på ski og barmark U12-U16
- all trening for U10 og yngre
- rekruttering

Alle klubbane er positive til opplegget.

Terminliste

Klubbane ønskjer eit renn i krinsen i januar. Dette blir truleg 20. - 21. januar. Klubbane ønskjer også ei fartshelg lokalt, som evt. blir 10. - 11. mars.

Per Asbjørn kom med forslag om endring i kvalifiseringsreglane til HL/LF. Tal kvalifiseringsrenn; 3 SL, 3 SSL, 2 SG, med 4 teljande omgangar i SL og SSL.

Ref: Trude Dalset